

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA-U43	21/1132

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2022	Teknisk utval	PS	15.02.2022

Uttale - søknad om endra anleggskonfigurasjon - Leirvika - Engesund Fiskeoppdrett as

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad om endra anleggskonfigurasjon på lokalitet Leirvika - 13699 - Masfjorden kommune	08.12.2021
Anleggskonfigurasjon	08.12.2021
Følgelbrev	08.12.2021
MOM-B	08.12.2021
MOM-C	08.12.2021
Notat Rådgivende biologer	08.12.2021
Straum og botn undersøking	08.12.2021
Oversending Masfjorden kommune	08.12.2021
Anleggskonfigurasjon	08.12.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknad til høyringsuttale endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet Leirvika.

Endringa gjeld utviding av tareanlegget til eit totalt areal på 370 DA, og det vert og søkt om å utvide lakseanlegget til 5 merdar.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har den 08.12.2021 mottatt søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS, om endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet 13699 Leirvika.

Dagens anlegg består av ein 100x300 m ramme med plass til tre flytekragar. Anlegget vart godkjent for 4 merdar 15.03.2019 og for 120 DA tare 29.11.2016.

Det er klarert eit tareanlegg ved sidan av lakseanlegget, og det vert søkt utviding av tareanlegget til eit totalt areal på 370 DA, og søkt om å utvide lakseanlegget til 5 merdar.

Høyring

Søknaden er lagt ut for gjennomsyn på kommunehuset, Masfjordnes, i tida 28.01 – 25.02.2022.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert

send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Fakta

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad motteke 23.11.2021 frå Engesund.


Dagens anlegg består av ein 100x300 m ramme med plass til tre flytekragar. Anlegget vert godkjent for 4 merdar 15.03.2019 og for 120 DA tare 29.11.2016.

Det er klarert eit tareanlegg ved sidan av lakseanlegget, og det vert søkt utviding av tareanlegget til eit totalt areal på 370 DA

Det vert og søkt om å utvide lakseanlegget til 5 merdar, slik at ein har moglegheit til å ha mindre, og einskilde grupper ved forsøk i anlegget. Det vert ikkje søkt om endring i produksjonskapasitet. Austfjorden har relativt høgt lusestrykk. For å kunne avluse effektivt med minimal belastning for fisken vil det vere hensiktsmessig å gå ned på tal/tonnasje pr merd. Engesund erfarer at det kan vere bra for tilvekst og fiskehelse å gå ned på tal fisk pr merd.

Det vert ikkje søkt om endring i produksjonskapasitet.

Anlegget ligg innafør Masfjorden kommune sin nye arealplan (2018 – 2030) vedtatt 09.05.2019.



Vurdering

Rådmannen viser til mottatt søknad 08.12.2021 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om endring av anleggskonfigurasjon på lokkalitet 13699 Leirvika. Ei slik endring av anleggskonfigurasjonen vil ikkje ha noko endring av produksjonen på lokaliteten.

Rådmannen legg med dette saka fram til politisk behandling.

Konklusjon

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknaden om å enda utviding av tareanlegget til eit totalt areal på 370 DA, og om å utvide lakseanlegget til 5 merdar.

Teknisk utval - 007/2022

TU - behandling:

Framlegg til høyringsuttale vart samrøystes vedteke

TU - vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknad til høyringsuttale endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet Leirvika.

Endringa gjeld utviding av tareanlegget til eit totalt areal på 370 DA, og det vert og søkt om å utvide lakseanlegget til 5 merdar.